

# SMITTEVERNSPLAN VIKESÅ SKULE FOM 27.04.20

(revidert 05.05.20)

Tiltaka bygger på [statlege retningslinjer](#) datert 20.04.20

Denne planen er godkjent av smittevernlege Knut Vassbø 23.04.20, revidering godkjent 05.05.20

---

Det gjeld 3 hovudreglar for smittevern ved opning av 1.-10.trinn

1. Sjuke personar skal ikkje vera på skulen
  2. God hygiene
  3. Redusert kontakt mellom personar
- 

1. Sjuke personar skal ikkje vera på skulen

## **Ved sjukdom:**

Ein kan koma på skulen om:

- ein er frisk og ingen i husstanden har påvist Covid-19.
- Dersom nokon i husstanden er sjuke (utan påvist Covid-19), men ein ikkje er sjuk sjølv.

Ein skal ikkje koma på skulen om

- ein er sjuk. Då må ein venta til ein har vore symptomfri i 24 timer
- ein sjølv har påvist Covid-19. Då er du i isolasjon.
- nokon i husstanden har påvist Covid-19. Då er du i karantene.

## **Når sjukdom oppstår på skulen:**

1. Elev skal venta på tilvist rom (Møterom paviljong for 1.-7. og Rom ved helsejukepleiarkontoret for 8.-10.trinn) saman med vaksen. Hald 2m avstand viss mogleg. Det skal vera munnbind og desinfeksjon tilgjengeleg i rommet.
1. Foreldre må komma og henta sjuk elev, eventuelt må ein vaksen frå skulen køyre eleven heim.
2. Om tilsette blir sjuke i løpet av arbeidsdagen skal ein forlate skulen så snart som mogleg.

## Barn i risikogruppe:

Sjå rettleiar frå myndighetene s. 13-14.

## 2. God hygiene

Skulen har eigen plan for reinhald der bl.a. dagleg vask/søppeltømming og hyppig vask av toalett, handtak og andre ofte brukte kontaktflater er skildra. Også den planen er godkjend av smittevernlegen.

### Organisering:

- Kvart trinn blir delt i mindre kohortar med tilnærma likt elevtal
- Ein legg til rette for 1m avstand mellom elevar i same kohort
- Kvar kohort har sitt eige baserom på 1.-4. trinn. 5.-7. trinn har store nok rom til å ha to kohortar saman. Romma vert delt i to med hylleseksjonar. 8. trinn vert delt i 3, 9. trinn held seg klassevis, 10B har klasserom i tekstilsalen, og 10A fordeler seg på 10. trinnsromma.
- kohortar kan kun blandast på same trinn, og bare når ein har undervisning ute.
- Ikkje del utstyr.

### For elevar

- Vask hender når dei kjem på skulen
- Ta med pennal om dei har
- Vask hender etter kvart friminutt
- Nys i papir eller i albuekroken. Ha papir tilgjengelig på pulten til å kunne nyse/hoste i
- Bruk handsprit før du går ut av klasserom.
- Elever vasker pulten sjølv før dei et. Vask med sprit og tørkepapir. Ev. vasker vaksen over med klut og såpe
- Hold 2m avstand til elever som ikkje er på same basegruppe
- Me deler ikkje utstyr med andre, som bøker, penner, micro, solkrem, skifteklede etc.

### For vaksne:

- Vaksne i klasserom sørger dørhåndtak etter kvart friminutt
- Leiker som er i bruk må vaskes dagleg
- Tøyleker, klassebamser m.m. skal ryddast vekk.
- Elevane skal ha fast plass i klasserommet og i ein ev. base utandørs.
- Ikkje legg opp til gruppearbeid der elevane må sitje tett i grupper
- Ikkje bruk lyttekrok
- Elevane skal ha eigne skrivesaker på skulen, anten eige pennal eller korg på plassen sin. Dette inkluderer fargeblyanter.
- Ikkje legg opp til matlaging på skulen
- Kvar elev skal ha ein digital eining. Denne skal merkast med namn.
- Lærar skal ikkje samla inn lærebøker til retting. Legg opp til å gå rundt og sjå på arbeid som ligg framme eller lever digitalt.
- Ikkje bruk smykker/ringer på arbeid

### 3. Redusert kontakt mellom personar

- Trinnet er delt inn i to/tre faste kohortar. Dersom ein skal gjera endring i kohortar, må dette skje etter ei langhelg. Ein skal prøva å halda kohortane så faste som mogleg.
- Personal skal i størst mogleg grad halda seg til eitt trinn.
- Dei tilsette som må gå mellom fleire trinn må vera ekstra nøye på regel om avstand og handvask/desinfeksjon.

#### Inndeling i kohortar

Kvar trinn vert delt i 2-4 kohortar. På 1.-4 trinn får kohortane eige baserom.

**3.kl.:** 3.kl. rom. Ein kohort er inne halve dagen før ein bytter.

**1.kl.:** 1.kl. + k&h

**2.kl.:** har allerede to rom i sin gang.

**4.kl.:** har allerede to rom i sin gang.

**5.kl.:** to kohortar i same rom

**6.kl.:** to kohortar i same rom

**7.kl.:** to kohortar i same rom

**8.trinn:** 3 kohortar fordelt på 3 rom

**9.trinn:** sine klasserom

**10A:** 202 og 203 delt i to kohortar

**10B:** Tekstilsalen - delt i to kohortar i same rom.

#### Timeplan

Klassane held seg til dagens timeplanordning på 1.-7.trinn, inndelt i kohortar. På 8.-10.trinn vil ein bytta timar så langt det lar seg gjera for å minimera vaksne som er innom dei ulike kohortane.

Skal ein blanda kohortane på trinnet, må dette gjerast utandørs. Me oppfordrar derfor til bruk av uteskule i stor grad.

#### Spesielle omsyn i nokre fag/områder

- Kroppsøving: Elevane skal ikkje dusja på skulen. Kan ha ekstra t-skjorte med seg og gymsko liggande på skulen.
- Musikk: Skal foregå i klasserom / baserom. Ikkje på musikkrommet. Lærar kan ta med seg instrument inn til klasserom (ikkje blåseinstrument).
- Bibliotek: Kan brukast, men berre ei basegruppe om gongen. Handvask før bruk!

#### Friminutt:

- To kohortar på eitt trinn kan vera saman i friminutt.
- Ein skal oppfordra til 1 meter avstand mellom kvar elev. Unngå difor leker som krever kroppskontakt. (Fotball må f.eks. tilpassast, til å gå vekk frå vanleg fotballkamp til å ha ein dabb, straffekonk m.m.)

Området vert delt inn i fire, slik at **1.-4.trinn** har friminutt samtidig. Friminutt vil bli til ei litt anna tid. **1.-4.** har derfor eigen vaktplan.

**5.-7.** nyttar same indelinga i sone **1.-3**, men har friminutt på vanleg tid saman med **u.trinn**.

**8.-10.**trinn har friminutt saman med **5.-7.trinn**. Området ute vert delt inn og for **8.-10.**trinn.

Det skal vera minst ein vaksen ute per klasse.

#### Oppmøte ved skulestart og etter friminutt:

For elevar:

- dersom du ikkje brukar skuleskyss så ber me om at du ikkje kjem på skulen før kl 8.
- bruker du skuleskyss, så held du deg i sonen ditt trinn har den dagen fram til skulen startar. **5.-7.**trinn oppheld seg på sin plass i klasserommet.
- Still opp på din plass etter friminutt og gå inn når du får beskjed om det.
- alle ytterklede skal oppbevarast i pose på tildelt garderobepllass.

SFO:

- SFO må oppretthalda basegrupper frå klassane, som gruppeinndeling undervegs i løpet av SFO-tida. Dvs. at elever må vera på gruppe med elevar frå same trinn. Elevane kan vera tilstade i same rom, men må ha faste områder innandørs der dei kan leika og ete. Leikene inne må delast mellom gruppene slik at dei ikkje deler på tvers, og vaskast dagleg. Ute skal dei halda seg med elevar på sitt trinn.
- Det vil ikkje verta matservering på SFO, elevane må ha med seg matpakke. Utgifta til mat blir avkorta fram mot sommaren.
- Ev. leksehjelp må og delast i basegrupper på ulike rom.

Skuleskyss:

I rettleiinga for smittevern er det og gitt føringer for skuleskyssen (s.14).

- Heimen og skulen må saman rettleie elevane i smittevern på buss.
- Alle elevar på **1.-10.** som til vanleg tek buss, kan gjer det når skulen opnar att.
- Elevane må halde 1m avstand til kvarandre når dei ventar på buss.
- Elevane skal sitte med 1m avstand til kvarandre på bussen. Dvs. ein reisande pr. dobbelt sete. Søsken skal sitje saman.
- Sjåførane kan ikkje hjelpe dei minste med setebeltet. Øv på dette heime.
- Framdøra på bussane er sperra, kun inngang/utgang bak.
- Dei to framste seterekkene i bussene er sperra.
- Sjåførar tørker av alle flater i bussen etter kvar tur.
- Grunna redusert kapasitet er det kun elevar med skyssrett som kan følge bussane så lenge avstandskravet gjeld.

PPT/Logoped/helsesøster:

Følger smittevernregler, men er tilbake i ordinær drift frå og med måndag.

## Foreldremøte

Alle felles foreldremøter fram til sommaren utgår.

FAU har blitt bedt om å ta kontakt dersom det skulle vera spørsmål frå klassane.